

eGevinst

Bakgrunn:

- Behovet for betre utnytting av IKT investeringar har blitt understreka av fleire og er kommen til uttrykk i nasjonale handlingsplanar som eNorge 2009 og KS sin eKommune 2009
- På bakgrunn av dette har KSeF utarbeida ein praktisk og heilskapeleg tilnærming til kost/nytte og gevinstrealisering av offentlege IKT investeringar
- Dei har kalla tilnærminga eGevinst



eGevinst

Innleiing:

- Innføring av IKT-system er eit endringsprosjekt
- Prosessen startar med eit endringsbehov, men effektane oppnår ein først og fremst som resultat av organisatoriske endringar
- IKT-system er eit verktøy - ein tilretteleggjar og ein mogleggjerar - for å få til slike endringar
- For å få til ein godt forankra prosess i forhold til å realisere gevinstar, føreslår ein eit sett med aktivitetar



eGevinst

- **Akt 1: Definere behov for endring og overordna målsetting med endringa**
 - Lag ei kort skildring av bakgrunnen
- **Akt 2: Kartlegge no-situasjonen**
 - Dette gjer me for å kunne seie noko om forbettringspotensialet
 - I tillegg kan me nytta kartlegginga til å måle om ein har oppnådd gevinst i forhold til framtidig arbeidsflyt.
 - Her er prosessmodellering viktig



eGevinst

- **Akt 3: Beskriv ynskja situasjon**

- Spesifisera kva som må til for å nå den overordna målsetjinga i prosjektet.
- **Målanalyse** - detaljerte mål for prosjektet. Skilja mellom hovudmål og delmål og bestemta korleis me kan vurdera om ein faktisk oppnår mål
- I denne fasen er **Interessentanalysen** viktig. Med interessentanalysen får ein fram kven som kan påverka og kven som blir påverka av endringane
- Etter kvart som mål og delmål er klare lagar ein prosessmodell av ønska situasjon.



eGevinst

- **Akt 4: Utarbeida kommunikasjonsplan**
 - Interessentanalysen dannar grunnlag for ein kommunikasjonsplan
 - **Kommunikasjonsplan:**
 - Kven treng målretta informasjon ?
 - Korleis og kvifor ein skal kommunisera med ulike interessentar ?
 - Kostnader forbunden med kommunikasjon ?



eGevinst

- **Akt 5: Utarbeide og kommunisere ansvars- og gevinstoppfølgingsplan**
 - Sikra at det vert jobba målretta mot å henta ut dei forventa gevinstantane
 - **Ansvar og gevinstoppfølgingsplan**
 - Denne planen gir konkrete personar spesifikt ansvar for at dei enkelte gevinstantane blir realisert
 - Viser ansvarlege personar korleis dei skal følgja opp at dei forventa gevinstantane blir realisert og korleis dei kan sjå når ein gevinst er realisert.



eGevinst

- **Akt 6: Følg opp gevinstplan og korriger underveg**
 - Ein slik plan har bare avgrensa verdi dersom dei som skal sørge for at gevinstane realiseras, ikkje har noko eigarskap til den
 - Svært viktig at dei som blir ansvarleg for oppfølging vert involvert på rett tidspunkt i prosessen, og at dei er innforstått med og einig i, gevinstoppfølgingsplanen og at dei føler dei får nok informasjon til å følge opp sitt ansvarsområde



eGevinst

Interessentanalyse

- Det handlar om interessentar heile vegen:
 - Kven gjer me dette for ?
 - Kven andre kan bli påverka ?
 - Kven er beslutningstakarane ?
 - Kven kan bli eller er negative til endringa osv. ?
- Prosjektgruppa kan danna seg eit bilete over dei moglegheitene og truslar som sentrale interessentar representerer
- Fører erfaringsmessig til mykje diskusjon.
- Etter kvart som man blir meir konkret og nyansert i forhold til mål og kva som skal til for å oppnå mål, dukkar det opp nye interessentar
- Ein interessent treng ikkje nødvendigvis vera ein person eller gruppe



eGevinst

Prosessmodellering

- Prosesskart er eit visuelt verktøy for å få fram eit eintydig skildring av korleis ein arbeidsprosess/arbeidsrutine vert utført (no-situasjon og ønska)
- Prosessmodellering gir mykje av grunnlaget ein treng for å vurdera kostnader og nytteeffektar ved ei endring. Denne tilnærminga kan gi god informasjon om størrelsar som er direkte målbart i kroner, men måler ikkje dei kvalitative sidene ved arbeidsrutinen.



eGevinst

Målanalyse

- Målanalysen identifiserer måla med ei endring og synleggjer positive (gevinstar) og negative (kostnader) effektar av desse måla
- Skilja mellom hovudmål og delmål og bestemta korleis me kan vurdere om ein faktisk når måla
- Måla som er satt opp bør kunne målast
- Argumenteras det for betre økonomi, må dette dokumenterast i kr, argumenterast det i betre kvalitet, må ein kunne måle endring i kvalitet.
- Her må ein finne dei riktige indikatorane: dei tydlege, dei enkle, dei som viser at investeringa er nyttig og at endringsarbeidet går som planlagt.



eGevinst

Informasjon og kommunikasjonsplan

- Målsetninga med og innhaldet i planen:
 - Lage ein kort skildring av prosjektets bakgrunn og kva ein skal oppnå
 - Beskrive målgruppa for kommunikasjon
 - Beskrive dei nøkkelområda av informasjon som interessentane skal forstå og eventuelt reagere på
 - Finne dei verkemidla som skal brukast i kommunikasjon
 - Beskrive kven som er ansvarlege, ein tidsplan for kommunikasjonen og kva for kostnader som er involvert

